# Flora kontrollutval

***SEKOM-sekretariat***
*www.sekom.no | post@sekom.no*

# Møteinnkalling

| | |
|---|---|
| **Møtedato:** | 14.01.2015 |
| **Møtestad:** | Flora Samfunnshus, møterom: Ytterøyane |
| **Møtetid:** | Kl. 09:30 |
| **Innkalling:** | Faste medlemar i utvalet<br>Kulturhusleiar Ingvar Hopland sak 3<br>Leiar for Flora Bygg og eigedom Vidar Vårdal sak 4 (kl 11.00) |

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post:
- Arnar Helgheim: ah@sekom.no (mobil: 975 81 418)

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

**Sakliste**

| **Sak nr.** | **Sakstittel** |
|---|---|
| 001/15 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 002/15 | Skriv og meldingar 14.1.15 |
| 003/15 | Flora samfunnshus - omvising og informasjon |
| 004/15 | Florø Træplantningsselskab - orientering |
| 005/15 | Årsmelding 2014 - Flora kontrollutval |
| 006/15 | Møteplan 2015 - Flora kontrollutval |
| 007/15 | Oppfølgingsliste 1 - 2015 |
| 008/15 | Eventuelt |

Med helsing

Bjarne Holme
Leiar

# *SEKOM-sekretariat*

| **Saksgang** | **Møtedato** | **Saksnr** |
|---|---|---|
| Flora kontrollutval | 14.01.2015 | 001/15 |

| **Sakshandsamar:** | **Arkiv:** | **Arkivsaknr.:** |
|---|---|---|
| Arnar Helgheim | FE- | 14/382 |

## Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedlegg:**
Ingen vedlegg i saka.

**Tilråding:**
*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Innkalling og sakliste vert godkjent.

# *SEKOM-sekretariat*

| **Saksgang** | **Møtedato** | **Saksnr** |
|---|---|---|
| Flora kontrollutval | 14.01.2015 | 002/15 |

| **Sakshandsamar:** | **Arkiv:** | **Arkivsaknr.:** |
|---|---|---|
| Arnar Helgheim | FE-033, Komnr-1401 | 14/384 |

## Skriv og meldingar 14.1.15

### Vedlegg:

| Nr | Dok.dato | Tittel | Dok.ID |
|---|---|---|---|
| 1 | 01.12.2014 | Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon | 14/804 |

### Tilråding:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

# *SEKOM-sekretariat*

# Notat

*www.sekom.no | post@sekom.no*

| | |
|---|---|
| Dato: | 28.11.2014 |
| Vår referanse: | 14/804 |
| Arkiv: | FE-007 |

## Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon
## Frå Etikkonferansen 2014

Klipp frå KS sine nettsider den 28.11.14 med ein artikkel som var publisert 25.11.14.
Vi legg dette notatet ved som informasjon under skriv og meldingar i kontrollutvala.
[Her finn du lenke til Etikkportalen der du finn meir om emnet.]

### Beskytt kommunen! Etikkonferansen 2014

25.11.2014

Skriv ut | Tips

På etikkonferansen 2014 ble det lansert en ny versjon av "Beskytt kommunen!", en håndbok i antikorrupsjon. Flere innledere bidro til et rikholdig og bredt program på konferansen.




**Kontrollutvalssekretariat for 15 kommunar i Nordfjord, Sunnfjord og Ytre Sogn:**
Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

**Postadresse:** Postboks 338, 6802 Førde **Besøksadresse:** Førde rådhus, 3. etasje **Org.nr:** 987 631 554 **Bankkonto:** 3705.08.32571

- Et godt etisk immunforsvar angår oss alle, men vi som politiske ledere har et særskilt ansvar, sa kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner.

Statsråden fikk overrakt håndboken personlig. av nestleder i KS, Bjørn Arild Gram.
- Å styrke lokaldemokratiet er noe av det viktigste arbeidet KS gjør, og da er det helt vesentlig at innbyggerne har høy tillit til de folkevalgte.

**Et godt samarbeid**
- Vi ønsker oss at etiske dilemmaer bør diskuteres høyt og tydelig på alle arbeidsplasser, sa Guro Slettmark, som leder Transparency International.

Organisasjonen jobber for "en verden fri for korrupsjon" og har siden 2011 etablert et nettverk for 40 kommuner og fylkeskommuner i samarbeid med KS. På Etikkonferansen 2014 ble noen av resultatene fra samarbeidsprosjektet presentert, deriblant en fornyet utgave av "Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon".

Håndboka henvender seg til folkevalgte, ledere, ansatte og tillitsvalgte i kommuner og fylkeskommuner og gir gode råd for hvordan jobbe aktivt med å forebygge, avdekke og håndtere korrupsjon.

Mange innledere bidro til et rikholdig program på konferansen, og flere av presentasjonene kan hentes frem nedenfor her.

**Eksempelbank**
Det er også laget en eksempelbank "Korrupsjonsfaren i kommuner –sårbarhet, verktøy og metoder" som oppsummerer noen erfaringer og råd om korrupsjonsforebyggende arbeid fra kommuner og fylkeskommuner som har deltatt i KS og TI's korrupsjonsforebyggende nettverk 2013- 2014. Her gis eksempler på sårbarhet og risikoområder i kommunene, beskrivelse av forebyggende tiltak og systemer, samt verktøy for holdningsskapende aktiviteter. Det gis også noen anbefalinger om hva ledelsen/kommunens administrative ledelse kan gjøre. Kommunene må selv etablere sine systemer og fastsette nivå og mål for eget arbeid.

**KONTAKTPERSONER FOR DENNE SAKEN**

Spikkeland, Lise Lokaldemokrati og kommuneøkonomi
Lise.Spikkeland@ks.no

**SENTRALE LENKER OG DOKUMENTER**

- Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon
- Korrupsjonsfaren i kommuner
- Bjørn Arild Gram Tillit til lokaldemokratiet
- Alexandra Bech Gjørv Korrupsjon i kommunene
- Tor Dølvik Hva har kommunene lært oss?
- Erik Amnå Tillitens gränser
- Helge Eide 2600 kommunalt eide selskaper

Med helsing

Arnar Helgheim
Dagleg leiar
Tlf 57 61 27 85 / 975 81 418
ah@sekom.no

# *SEKOM-sekretariat*

| **Saksgang** | **Møtedato** | **Saksnr** |
|---|---|---|
| Flora kontrollutval | 14.01.2015 | 003/15 |

| **Sakshandsamar:** | **Arkiv:** | **Arkivsaknr.:** |
|---|---|---|
| Arnar Helgheim | FE-610, Komnr-1401 | 15/17 |

## Flora samfunnshus - omvising og informasjon

**Vedlegg:**

**Tilråding:**
*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Informasjonen vert teken til orientering.
...

**Saksutgreiing:**

Sekretariatet viser til merknad under eventuelt i møte den 21.11.14:

> *Møteplan:*
> *Første  møte i 2015: Onsdag 14. januar med omvising på Samfunnshuset og informasjon ved kultursjef.*

# *SEKOM-sekretariat*

| **Saksgang** | **Møtedato** | **Saksnr** |
|---|---|---|
| Flora kontrollutval | 14.01.2015 | 004/15 |

| **Sakshandsamar:** | **Arkiv:** | **Arkivsaknr.:** |
|---|---|---|
| Arnar Helgheim | FE-610, Komnr-1401 | 15/16 |

## Florø Træplantningsselskab - orientering

**Vedlegg:**

**Tilråding:**
*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Informasjonen vert teken til orientering.
...

**Saksutgreiing:**

Sekretariatet viser til merknad under eventuelt i møte den 21. november:

> *Florø træplantningsselskab:*
> *Kontrollutvalet ønskjer at Reidulf Reksnes (tenesteleiar teknisk drift og prosjekt) orienterer om forholdet mellom kommunen og treplantingsselskapet. Blant anna informasjon om eigedomstilhøva.*

Etter avklaring med administrasjonen i Flora kommune, vert orienteringa ved Vidar Vårdal som er leiar for Flora Bygg og eigedom.

# *SEKOM-sekretariat*

| **Saksgang** | **Møtedato** | **Saksnr** |
|---|---|---|
| Flora kontrollutval | 14.01.2015 | 005/15 |

| **Sakshandsamar:** | **Arkiv:** | **Arkivsaknr.:** |
|---|---|---|
| Arnar Helgheim | FE-210, Komnr-1401 | 14/399 |

## Årsmelding 2014 - Flora kontrollutval

**Vedlegg:**

**Tilråding:**
*(Saka går vidare til kommunestyret).*

Framlegg til årsmelding datert 6.1.15, vert godkjent.

...

**Saksutgreiing:**

Utkast til årsmelding 2014 frå kontrollutvalet til kommunestyret følgjer vedlagt.

Årsmeldinga er stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa, jfr. kommunelova § 77 pkt. 6, som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat og revisor for kontrollutvalet, omtale av saker som har blitt handsama og sendt vidare til kommunestyret, orienteringar frå rådmannen med meir.

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Utkast frå SEKOM-sekretariat, 6.1.15

# Flora kontrollutval
# Årsmelding 2014



**Kontrollutvalet si handsaming**

| | |
|---|---|
| Dato: | 14.1.2015 |
| Saksnummer: | 005/15 |
| Referanse: | 14/936 |

## Innleiing

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne paragrafen er det ei eiga forskrift: Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Kontrollutvalet skal føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltinga på vegner av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

SEKOM-sekretariat har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2014. KRYSS Revisjon har vore revisor både for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Eigenvurdering om uavhengigheit frå revisor vart handsama og teken til orientering i møte den 22. januar.

## Medlemar

| | **Faste medlemar** |
|---|---|
| 1 | Bjarne Holme, leiar |
| 2 | Ingvar T Myrvollen, nestleiar |
| 3 | Bjørg Mikalsen |
| 4 | Eva Richter |
| 5 | Berit Hovland |
| | **Personlege varamedlemar** |
| 1 | John Arvid Svanøe |
| 2 | Einar Jacobsen |
| 3 | Gunn Jansen |
| 4 | Henning Ryland |
| 5 | Solbjørg Tonheim (1.1.-9.9.) |
| 5 | Kirstin Willis (10.9.-31.12.) |

### Representasjon

Berit Hovland og Ingvar T Myrvollen deltok på Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin kontrollutvalskonferanse på Gardermoen 5. og 6. februar. Eva Richter og Bjørg Mikalsen deltok på Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) sin Fagkonferanse i Haugesund 3. og 4. juni.

## Møte og saker

Utvalet hadde 8 møte og handsama 65 saker. I 2013, var det 11 møte og 88 saker.

### Saker til kommunestyret

Desse sakene har gått vidare frå kontrollutvalet til kommunestyret:

| Møtedato | Sak nr | Sakstittel |
|---|---|---|
| 29.01.2014 | 8 | Revisjonsrapport - Godtgjering av folkevalde i Flora kommune |
| | 9 | Sluttrekneskap og sluttrapport prosjekt nr 78631 asfaltering 2011. |
| | 10 | Sluttrekneskap og sluttrapport prosjekt nr 79544 Resipientundersøkelse for Florø og Brandsøy |
| 24.02.2014 | 17 | Medlemskap i Transparency International |

| | | |
|---|---|---|
| 24.04.2014 | 24 | Årsrekneskapen 2013 - Flora kjøkkenservice KF |
| | 25 | Årsrekneskapen 2013 - KF Innvandrarsenteret i Flora |
| | 26 | Årsrekneskapen 2013 - Flora hamn KF |
| | 27 | Årsrekneskapen 2013 - Allhuset i Eikefjord |
| | 28 | Årsrekneskapen 2013 - Havhesten Flora kommune KF |
| 15.05.2014 | 36 | Årsrekneskapen 2013 - Flora kommune |
| 09.09.2014 | 49 | Prosjektrekneskap Oppdatering av el-anlegg (78600) |
| | 55 | Forvaltningsrevisjon: Sakshandsaming, vedtak og svargjeving (rapport) |
| 23.10.2014 | 57 | Budsjett for drift av kontrollutval 2015 |

**Orienteringar frå rådmannen**
I ein del av desse sakene, har andre frå administrasjonen orientert på vegner av rådmannen:

| Møtedato | Sak nr | Tema for orientering |
|---|---|---|
| 29.01.2014 | 4 | Status i arbeidet med utrekning av tilskot til private barnehagar |
| | 5 | Sektor barn og unge / barnevern |
| 24.02.2014 | 18 | Orientering og omvising ved NAV-kontoret |
| 24.04.2014 | 23 | Grovastøylen AS – orientering (også styreleiar orienterte) |
| 15.05.2014 | 32 | Delegasjon på oljemesse i Houston, USA |
| | 35 | Barneverntenesta |
| 06.06.2014 | 41 | Tiltakstenesta - orientering og synfaring |
| 09.09.2014 | 46 | Eikefjord barnehage og Eikefjord skule - synfaring |
| | 47 | Tarzanjungel på Flora barneskule |
| 23.10.2014 | 53 | Kommunalt driftstilskot til barnehagar |
| 21.11.2014 | 61 | System for oppfølging av bystyrevedtak |
| | 61 | Detaljreguleringsplan - manglande svar (Soldalen) |
| | 61 | Barnevern jf tidlegare sak om tiltak. Korleis er status? |

<u>Synfaring med orientering:</u>
Utvalet har halde møte med synfaring og orientering:

| Møtedato | Stad |
|---|---|
| 24.02.2014 | NAV-kontoret |
| 06.06.2014 | Tiltakstenesta |
| 09.09.2014 | Eikefjord barnehage og Eikefjord skule |
| 23.10.2014 | Havhesten |

**Forvaltningskontroll og selskapskontroll**

<u>Orienteringar</u>
Kontrollutvalet har fått orientering frå styreleiar i Grovastøylen AS den 24. april og Havhesten Flora kommune KF den 15. mai. Utvalet fekk også omvising på Havhesten ved dagleg leiar den 23. oktober.

Rekneskap for selskap:
I samband med utvalet si handsaming av rekneskap for selskap, møtte dagleg leiar eller annan representant for å orientere og svare på spørsmål (sjå saker til kommunestyret).

Forvaltningsrevisjon:
Rapport frå forvaltningsrevisjon om «Sakshandsaming, vedtak og svargjeving», vart handsama og sendt over til bystyret den 23.10.14. I same møte, tinga utvalet nytt prosjekt om «Innkjøpsrutinar». Frist for rapport er 1. juni 2015.

**Temamøte om kontrollutvalet i bystyret**
Kontrollutvalet har fleire gonger teke opp ønskje om at kontrollutvalet si rolle vert tema på fagdag eller tilsvarande i bystyret. Etter fleire utsetjingar, er det lagt opp til at dette vert gjennomført tidleg i 2015.

## Oppsummering

Alle saklister med vedlegg og møtebøker for kontrollutvalet er tilgjengeleg på sekretariatet sine nettsider: www.sekom.no.

## Underskrifter

Flora, 14. januar 2015

| | | |
|---|---|---|
| Bjarne Holme, leiar | Ingvar T Myrvollen, nestleiar | Bjørg Mikalsen |
| Eva Richter | Berit Hovland | |

# *SEKOM-sekretariat*

| **Saksgang** | **Møtedato** | **Saksnr** |
|---|---|---|
| Flora kontrollutval | 14.01.2015 | 006/15 |

| **Sakshandsamar:** | **Arkiv:** | **Arkivsaknr.:** |
|---|---|---|
| Arnar Helgheim | FE-033, Komnr-1401 | 14/400 |

## Møteplan 2015 - Flora kontrollutval

**Vedlegg:**

**Tilråding:**
*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Møteplan for 2015 vert godkjent med følgjande møtedatoar:
14. januar
25. februar
25. mars
29. april
20. mai
17. juni
9. september
11. november
...

**Saksutgreiing:**
I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, og for at kontrollutvalsmedlemane skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i dei 15 kommunane.

SEKOM-sekretariat startar med møte og opplæring av kontrollutvala, etter at kommunane har føreteke val av nye kontrollutval og sendt ut opplysningar om dette. Det siste møte på planen for 2015, er såleis tenkt som oppstartmøte for det nye utvalet.

Frå sak 65/14 den 21.11.14, Eventuelt:

> *Møteplan:*
> *Første møte i 2015: Onsdag 14. januar med omvising på Samfunnshuset og informasjon ved kultursjef.*
> *På dette møtet drøftar utvalet om utvalet bør legge møta sine til same politisk dag som hovudutvala.*

# SEKOM-sekretariat

| Saksgang | Møtedato | Saksnr |
|---|---|---|
| Flora kontrollutval | 14.01.2015 | 007/15 |

| Sakshandsamar: | Arkiv: | Arkivsaknr.: |
|---|---|---|
| Arnar Helgheim | FE-040, Komnr-1401 | 14/325 |

## Oppfølgingsliste 1 - 2015

### Vedlegg:

### Tilråding:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

### Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

| Sak | Dato | Status |
|---|---|---|
| Tiltak – kontrollutvalsarbeid 011/09 | 31.03.09 | 31.03.09 Vedtak KU – gjennomfør.<br>Orientering frå etatane,<br>Orientering frå revisor<br>Tilsynsrapportar<br>Tertialrapportar<br>Kvalitetsrapportar om Flora. |
| Forvaltningsrevisjon - Sakshandsaming, vedtak og svargjeving i Flora kommune.<br>083/13 | 14.11.13 | 14.11.13 Vedtak i KU: Kontrollutvalet tek prosjektplanen til vitande. Frist for prosjektrapport: November 2014<br><br>KU-sak 55/14 (23.10.14) Vedtak:<br>Rapport frå forvaltningsrevisjon om sakshandsaming, vedtak og svargjeving vert teken til orientering. Ein er glad for at rutinane og praksis innan open omsorg er så gode som rapporten gjer greie for.<br>24.10.14: Sendt til bystyret for handsaming. |
| Kontrollutvalet si rolle 33/14 | 15.5.14 | KU-sak 33/14 (15.5.14) Vedtak:<br>Kontrollutvalet blir tema på strategisamling i Flora bystyre hausten 2014. Kontrollutvalet kallar ikkje inn ordførar til neste møte<br>15.5.14: Vedtaket sendt til ordførar<br><br>51/14, 9.9.14 Frå «Eventuelt»:<br>Fagdag i bystyret:<br>Sekretariatet undersøker med rådmann og ordførar korleis opplegget på fagdag den 29. september vert med tanke på avsett |

| | | |
|---|---|---|
| | | tid og planlagt innhald. Kontrollutvalet ønskjer tilbakemelding så snart som mogeleg om dette. Utvalet vil ha eit ekstra møte for å førebu sitt bidrag og ønskjer å ha ei aktiv rolle på fagdagen. (Aktuell dato: 23.9. kl 13.00 på samfunnshuset).<br>59/14, 23.10.14. Frå «Eventuelt»:<br>• Opplæring / fagdag i bystyret med kontrollutvalet som tema vart det ikkje noko av. Ordførar vert innkalla til møte 21. november for å lage forpliktande opplegg og grunngi kvifor det ikkje vart gjennomført i haust.<br>24.10.14: Sendt innkalling til møte 21.11.14 til ordførar.<br><br>62/14, 21.11.14:<br>Ordførar deltok i møtet og informerte om kva som har gjort til at kontrollutvalet si rolle ikkje har kome opp som tema i bystyresamling.<br>Samrøystes vedtak:<br>Kontrollutvalet ønskjer at det blir eit opplegg i første bystyremøte i januar om rolla til kontrollutvalet.<br><br>24.11.14: Vedtak sendt til ordførar. |
| Grønenga og Norstone 45/14 | 9.9.14 | KU-møte 9.9.14 (kriv og meldingar):<br>• Grønenga og Norstone, status: Kontrollutvalet sender førespurnaden vidare til ordførar og ønskjer kopi av svar. |
| Etiske retningslinjer | 23.10.14 | 53/14, 23.10.14 Frå «Skriv og meldingar»:<br>• Etiske retningslinjer: Rådmannen gir tilbakemelding etter nyttår om omfang av saker der det blir tilsett nære slektningar av leiarar og rutinane i slike saker.<br>24.10.14: Sendt spørsmål til rådmannen. |
| Klage over detaljreguleringsplan (Soldalen) | 23.10.14 | 53/14, 23.10.14 Frå «Skriv og meldingar»:<br>• Klage over detaljreguleringsplan – manglande svar: Rådmannen oversender dokumentasjon på saksgang til kontrollutvalet til neste møte.<br>24.10.14: Sendt spørsmål til rådmannen.<br><br>61/14, 21.11.14 Frå Skriv og meldingar:<br>**Detaljreguleringsplan – manglande svar (Soldalen)**<br>Informasjon ved plansjef Rolf Bjarne Sund:<br>Informasjon om klagehandsaming. Det var ikkje bede om oppsetjande verknad. |

<table>
<tr><td>Forvaltningsrevisjon: Innkjøpsrutinar<br>56/14</td><td>23.10.14</td><td>KU-sak 56/14, 23.10.14 Vedtak:<br>1. Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon om: Innkjøpsrutinar.<br>2. Forvaltningsrevisjonen vert avgrensa til grunnskule.<br>3. Følgjer Flora kommune lover og reglar ved innkjøp?<br>• Organisering av innkjøpsfunksjonen?<br>• Rutinar som sikrar rett innkjøpsprosess?<br>• Oppfølging av innkjøpsavtalar<br>4. Framlegg til prosjektplan vert lagt fram på møte den 21. november 2014. Frist for rapport frå prosjektet: 1. juni 2015.<br>5. Revisor får fullmakt til å gjere avgrensingar og tilpassingar i prosjektet.<br>24.10.14: Tinginga sendt til KRYSS Revisjon.<br><br>63/14, 21.11.14: Prosjektplan. Vedtak:<br>Prosjektplan for forvaltningsrevisjon om innkjøpsrutinar datert 13.11.14, vert godkjent.</td></tr>
<tr><td>Budsjett for drift av kontrollutval</td><td>23.10.14</td><td>KU-sak 57/14, 23.10.14 Vedtak:<br>Kontrollutvalet rår til følgjande budsjett for drift av kontrollutval 2015:
<table>
<tr><td>Konto</td><td>Tekst</td><td>B2014 (KU)</td><td>B2015</td></tr>
<tr><td>10800</td><td>Godtgjersle folkevalde</td><td>77 000</td><td>82 000</td></tr>
<tr><td>10990</td><td>Arbeidsgjevaravgift</td><td>8 000</td><td>9 000</td></tr>
<tr><td>11150</td><td>Matvarer</td><td>4 000</td><td>4 000</td></tr>
<tr><td>11500</td><td>Opplæring / kurs / seminar</td><td>25 000</td><td>27 000</td></tr>
<tr><td>11600</td><td>Skyss- og diettgodtgjersle</td><td>6 000</td><td>6 000</td></tr>
<tr><td>11959</td><td>Kontingentar</td><td>5 000</td><td>5 000</td></tr>
<tr><td></td><td>Drift av kontrollutvalet</td><td>125 000</td><td>133 000</td></tr>
</table>
24.10.14: Sendt til Flora kommune ved rådmann og økonomisjef.</td></tr>
<tr><td>Oppfølging av bystyrevedtak</td><td>23.10.14</td><td>59/14, 23.10.14 Frå «Eventuelt»:<br>• Revisjonsrapport eller anna oppfølging i forhold til oppfølging av bystyrevedtak?<br>o Kontrollutvalet ber rådmannen gjere greie for kva system og rutinar han har for å følgje opp politiske vedtak.<br>24.10.14: Sendt spørsmål til rådmannen.<br><br>61/14, 21.1.14 Frå Skriv og meldingar:<br>System for oppfølging av bystyrevedtak<br>Kontrollutvalet ønskjer orientering når system for oversikt over oppfølging er på plass.</td></tr>
<tr><td>Transparency international</td><td>23.10.14</td><td>59/14, 23.10.14 Frå «Eventuelt»:<br>• Transparency international: Oppføring på oppfølgingslista om at bystyret ikkje har avklara innmelding.<br>65/14, 21.11.14 Frå Eventuelt:<br>Transparency International (TI):<br>Framlegg til lesarbrev frå Ingvar Torsvik Myrvollen vart delt ut. Lesarbrevet vert sendt frå alle medlemane i utvalet.</td></tr>
</table>

| | | |
|---|---|---|
| Konferansar | 23.10.14 | 59/14, 23.10.14 Frå «Eventuelt»:<br>• Drøfte deltaking på konferansar i 2015.<br>o NKRF: 4. og 5. februar: Bjarne Holme og Bjørg Mikalsen. Vara 1: Eva Richter, vara 2: Ingvar Myrvollen. Deltaking<br>o FKT: 3. og 4. juni: Berit Hovland og Ingvar T Myrvollen. Vara 1: Bjarne Holme, vara 2: Eva Richter |
| Barnevern<br>61/14 | 21.11.14 | 61/14, 21.11.14 Frå Skriv og meldingar<br>**Barnevern jf tidlegare sak om tiltak. Korleis er status? Spørsmål ved Berit Hovland og Eva Richter:**<br>Rådmannen informerte om stoda. Det er rydda opp i fristbrot som har vore. |
| Kontrollutvalet i bystyret ved ikkje offentlege saker? | 21.11.14 | 61/14, 21.11.14 Frå Skriv og meldingar<br>**Er det mogeleg for kontrollutvalet å møte også på ikkje offentlege saker i bystyret 2.12.? Spørmål ved Ingvar Torsvik Myrvollen:**<br>Avklaring ved rådmannen: Medlemar i kontrollutvalet kan vere til stades. |
| Private barneahgar | 21.11.14 | 61/14, 21.11.14 Frå Skriv og meldingar<br>**Private barnehagar. Har dei private barnehagane fått vedtak jf orientering på førre møte. Spørsmål ved Bjarne Holme:**<br>Rådmannen informerte. Utbetalingar skjer ikkje før juridiske vurderingar ligg føre frå KS. |
| Florø træplantningssælskab | 21.11.14 | 65/14, 21.11.14 Frå Eventuelt<br>**Florø træplantningsselskab:**<br>Kontrollutvalet ønskjer at Reidulf Reksnes (tenesteleiar teknisk drift og prosjekt) orienterer om forholdet mellom kommunen og treplantingsselskapet. Blant anna informasjon om eigedomstilhøva. |
| Møteplan 2015 | 21.11.14 | 65/14, 21.11.14 Frå Eventuelt<br>**Møteplan:**<br>Første møte i 2015: Onsdag 14. januar med omvising på Samfunnshuset og informasjon ved kultursjef.<br>På dette møtet drøftar utvalet om utvalet bør legge møta sine til same politisk dag som hovudutvala. |

# *SEKOM-sekretariat*

| **Saksgang** | **Møtedato** | **Saksnr** |
|---|---|---|
| Flora kontrollutval | 14.01.2015 | 008/15 |

| **Sakshandsamar:** | **Arkiv:** | **Arkivsaknr.:** |
|---|---|---|
| Arnar Helgheim | FE- | 14/383 |

## Eventuelt

**Vedlegg:**
Ingen vedlegg i saka.

**Tilråding:**
*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*